

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
065/16	Kommunestyret	PS	22.06.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 002	16/657

Kommunestruktur - Ny kommune eller halde fram som eigen kommune

Vedlegg

Intensjonsavtale Nordhordland kommune 01.03.2016

Framdriftsplan - Kommunereform

Eigenvurdering - Ressursskriv for vurdering av eigen kommune

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune held frem som eigen kommune.

Kommunestyret - 065/16 - 22.06.2016

KS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 13 røyster mot 4 røyster(Jorund Stellberg, Solveig Hopen, Jan Erik Espelid og Petter Lerøy Skårnes)

KS - vedtak:

Austrheim kommune held frem som eigen kommune.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Alle kommunar i landet skal innan utgangen av juni 2016 ta stilling til om ein skal slå seg saman med andre kommunar, eller halde fram som eigen kommune.

Det har vore ein lang prosess som starta med at Austrheim kommunestyre gjorde fylgjande

vedtak i møte den 04.02.15 :

- 1.Austrheim kommune går i drøftingar for å vurdera aktuelle alternativ med tanke på å avdekke fordeler og ulemper ved ein eventuell ny kommunestruktur.
 - 2.Rådmennene i dei aktuelle kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur får i oppdrag å utarbeide nærmere prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet.
 - 3.Malen for intensjonsavtalen og prosjektplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren 2015.
 - 4.Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort i kommunstyret våren 2016.
 - 5.For å sikre at alle folkevalde er orientert om utviklinga i arbeidet med ny kommunestruktur ,skal formannskapet og kommunestyret i kvart møte framover orienterast om status i arbeidet.
-

Det vart orientert om framdrift i saka i kvart formannskap og kommunestyremøte i samsvar med pkt. 5 i vedtaket.

Det vart oppretta eit forhandlingsutval som besto av tre politikarar og rådmann for dei einskilde kommunane. Forhandlingsutvalet hadde i perioden 16. april til 5. november 2015 fem møter der samanslåing av kommunane i regionen var tema. Fleire av kommunane trakk seg frå desse forhandlingane.Til slutt trakk også Austrheim kommune seg ut .

Det ny kommunestyret handsama kommunestruktursaka i møte den 28.10.15 og gjorde følgjande vedtak:

Med bakgrunn i uttalelser frå sentrale politikarar og enkeltvedtak i deltaka kommunane, og det faktum at to av dei største og folkerikaste kommunane har trekt seg frå forhandlingane, ser Austrheim Kommunestyre prosjektet «Felles kommune i Norhordaland» som skrinlagt.

Austrheim kommunestyre vel difor å trekja seg frå forhandlingane.

Austrheim Kommunestyre ber administasjonen starta arbeidet med ei utgreiing av konsekvensar ved at Austrheim fortset som eigen kommune. Utgreiinga må ligja føre i April 2016.

Austrheim kommunestyre ber folhandlingsutvalet om:

- Ta kontakt med Fedje, Gulen, Solund og Masfjorden om det er interesse for forhandlingar om innhald, konsekvensar og struktur på ein ny kommune, med ein eller fleire av desse.
- Ta kontakt med Lindås, Meland og Radøy om det er interesse for forhandlingar om innhald, konsekvensar og struktur på ein ny kommune med ein eller fleire av desse.

Resultatet av desse kontaktane vert lagt fram for formannskapet 10.11.2015 og kommunestyre 25.11.2015 med forslag til vidare framdrift/arbeidsplan.

For å sikre at alle folkevalde er orientert om utviklinga i arbeidet med ny kommunestruktur ,skal formannskapet og kommunestyret i kvart møte framover orienterast om status i arbeidet.

Kommunane Lindås, Meland og Radøy inngikk i denne perioden ein intensjonsavtale om at desse tre kommunane skulle slå seg saman til ein kommune.

Det vart arrangert to folkemøter hausten 2015.

Kontakten med Fedje, Gulen, Solund og Masfjorden og mot Lindås. Meland og Radøy var ikkje velluka og det vart ikkje tingingar med desse partane.

Formannskapa frå kommune Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås,Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy hadde møte på strilatun den 28.01.16 der det var semje om å ta oppatt dialogen om å forhandle fram ein felles intensjonsavtale. I perioden frem til og med mai månad har

forhandlingsutvalet hatt ein dialog og det vart framforhandla ein intensjonsavtale, sjå vedlegg.

Vedlagt er detaljert framdriftsplan og viktige milepeler for prosjekt kommunereform i Nordhordland.

Austrheim kommune gjorde i K-sak 023/16 den 17.03.2016 fylgjande vedtak:

1. Austrheim Kommunestyre legg «Forhandlingsutvalet til Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune» – versjon 1.0 datert 1. mars 2016 ut på høyring. Høyringsperioden vert sett frå 17. mars til 17. april.

2. Kommunestyret vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøte på Kaland barne og ungdomsskule den 11.04.16 kl. 1900.

Det kom ikkje innspel til avtalen frå innbyggjarar i høyringsperioden.

Austrheim kommune gjorde i K-sak 024/16 den 17.03.2016 i tillegg fylgjande vedtak:

1. Austrheim kommune arrangerer rådgjevande folkerøysting om kommunestruktur måndag 23. mai 2016

2. Formannskapet vert oppnemnd til valstype for den rådgjevande folkerøystinga.

3. Røystinga vert arrangert i dei tre vanlege røystelokala, Kaland skule, Årås skule og Kyrkjelydshuset. Røystelokala er opne mellom kl. 14.00 til kl. 21.00.

4. Kommunestyret gir valstyret mynde til å avgjera alle sider ved gjennomføringa av røystinga.

5. Valstyret avgjer avviklinga av og omfang av førehandsrøystinga.

6. Rådmannen får mynde til å bestilla manntal etter vilkåra i kommunestyrevedtaket om folkerøystinga.

Det vart gjennomført folkemøte på Kaland barne- og ungdomsskule den 11.04.16. Det var over 100 deltagarar der ordføraren orienterte om prosessen så langt og assisterande rådmann orienterte om eigenvurdering som er utarbeida av administrasjonen, sjå vedlagt eigenvurdering-ressursskriv for vurdering av Austrheim som eigen kommune.

Denne eigenvurderinga vart handsama i Austrheim kommunestyre i K-sak 044/16 i møte den 14.04.2016 og det vart gjort fylgjande vedtak:

Eigenvurderinga som belyser konsekvensar ved å halda fram som eigen kommune vert teken til vitande.

Det vart halde folkerøysting i Austrheim den 23.05.16. Folkerøystinga gav fylgjande resultat:

Det var 47,74 % oppslutning om valet. 16 og 17 åringer hadde også høve til å delta under valet.

26,56% var for samanslåing

73,44% var for at Austrheim skal fortsette som eigen kommune.

Vurdering

Austrheim kommune har utgreid to alternativer:

-halde fram som eigen kommune

-Nordhordland(alle deller deler av noverande kommunar i regionen).

Etter ei samla vurdering av dei oppgåvane kommunane har i dag, nye oppgåver som er signalisert til kommunane (oppgåvemeldinga) og økonomisk grunnlag (nytt inntektsystem), gjer at alternativet å halde fram som eigen kommune er realistisk og eit godt alternativ.

Den 23.mai 2016 vart det halde rådgjevande folkerøysting. Resultatet synte at 73,44% ønskte at Austrheim held fram som eigen kommune, 26,56% stemde for samanslåing med Nordhordland . Valdeltakinga var på 47,74%. 16 og 17 åringar hadde også høve til å delta under valet. Valresultatet er eit klart indisum på at å fortsette som eigen kommune .

Tenester

- Austrheim kommune yter gode kommunale tenester med høg brukartilfredsheit
- Austrheim kommune fremstår som serviceorientert og vart nr. 8 i ein landsomfattande undersøking gjennomført av Forbrukarrådet.
- Brukarnære tenester kan løysast av Austrheim kommune i eigenregi, som barnehage – skule – lege – helsetenester – heimehjelp – sjukeheim – kultur – kulturskule – tekniske tenester etc.
- Spesialiserte tenester og funksjonar kan dekkast gjennom noverande interkommualt samarbeid, med god erfaring som innan IKT – legevakt – barnevern – brann og redning, renovasjon etc.

Samfunnsutvikling

- Austrheim kommune skal syta for framtidsretta samferdselsføremål, arealplanlegging, bustadbygging i takt med behov, næringsutvikling etc.
- Samarbeida med nabokommunane for å komma fram til gode regionale løysingar

Økonomi

- Når akkumulert underskot er nedbetalt vil Austrheim har god økonomi .Kommunen har ein godt potensiale for nye inntekter gjennom eigedomsskatt på hus og fritidsbustader.
- Økonomistyringa er god.
- Arbeide for å sikre effektiv drift .
- Nytt inntektssystem har gitt Austrheim kommune gode vilkår i høve til dagens system og vil gje Austrheim gode arbeidsvilkår vidare som eigen kommune.

Lokaldemokrati

- Sikre nærliek, lokal representasjon og engasjement med å halde fram med 17 medlemmer i kommunestyret og 5 i formannskapet

Konklusjon

Med bakgrunn i utgreiingane og folkerøystinga tilrår eg at Austrheim kommune held fram som eigen kommune